

# Vestlandsrådet

## Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar  
02.09.2024 23/57449- 19 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/24	Vestlandsrådet	10.09.2024

## Underfinansiering av ferjedrifta i fylka

### Innstilling:

Vestlandsrådet meiner det er ei oppgåve for rådet å arbeide for å forbetra den statlege finansieringa av ferjedrifta i fylka, og at rådet arbeider for at ein unngår slik underfinansiering i framtida.

Som del i dette arbeidet må administrasjonane i fylka på vegner av Vestlandsrådet, bidra til ein samla informasjonspakke som kan nyttast i det vidare arbeidet. Dette må ha høg prioritet og ei rask gjennomføring.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval får ansvar for oppfølging av det vidare arbeidet og korleis dette skal presenterast for dei sentrale myndigheter.

### Bakgrunn

Det blir vist til vedtak i Vestlandsrådet 10. april 2024 (PS 18/24):

"Vestlandsrådet seier seg einig at dette er ei viktig og felles sak som vi skal jobbe vidare med, og vurdere å invitere med Nordland Fylkeskommune. Vestlandsrådet gir fylkesdirektørane oppdraget om å avklare og evaluere om ein skal utarbeide nødvendig og underbyggande informasjonsmaterial internt i fylkeskommunane eller om ein skal kjøpe inn en teneste frå ein ekstern aktør."

Det har vore ein trend med auka og konsekvent statleg underfinansiering av ferjesambanda drivne av fylka.

Fylka har også initiert elektrifisering av ferjer på fleire samband, som del i målsetjinga om å redusera co2-utslepp. Dette har auka kostnadene for fylka, utan at dette har vorte dekt inn med den statlege finansieringa.

Dette har utvikla seg til ein kritisk situasjon, og vi viser her til ein presentasjon av problemstillinga utarbeidd av Møre og Romsdal fylke, og ein kronikk skrive av Samferdselsdirektøren i same fylke. Begge ligg ved saka.

Det vil fram til møtet bli arbeid i både Rogaland fylke og Vestland fylke for å hente inn tal for situasjonen der.

### **Vurdering**

Det er svært viktig at Vestlandsrådet står saman i arbeidet for å styrke ferjefinansieringa. I arbeidet med dette må ein vurdere om det er formålstenleg å trekke inn andre fylke, til dømes Nordland.

Ein må og vurdere om underfinansieringa av hurtigbåttilbod skal inkluderast i dette arbeidet.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

### **Vedlegg**

2024.08.23\_Ferjefinansiering\_Innspel frå Møre og Romsdal  
Kronikk - Dårleg ferjeøkonomi bremser utviklinga av fylkesvegnettet og kollektivtrafikken